



KYRKJELEG FELLESRÅD

KYRKJEVERJA I KVAM

Til medlemene i
Kyrkjeleg fellesråd i Kvam

Postadresse:
Norheimsund kyrkje,
Postboks 39, 5601 NORHEIMSUND
E-mail: ol485@kyrkja.no
Telefon: 41 40 00 35
Bankgiro: 3530.20.70472 - Org.nr.: 976995082

Dykkar ref:

Vår ref:
osl/04/25

Dato:
30.04.2025

Innkalling til møte i Fellesrådet

Stad: Strandebarm kyrkjelydshus
Tid: Onsdag 14. mai kl 17.30

Før møtet: kjapp synfaring på Strandebarm kyrkje

Sakliste: 12/25 Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereferat
13/25 Meldingar
14/25 Økonomisk kvartalsrapport
15/25 Søknad om permisjon
16/25 Kyrkjegardsslåtten i Strandebarm

Varamedlemene møter dersom den faste representanten melder forfall.
Mogeleg forfall skal meldast til sekretæren i god tid før møtet.

VEL M Ø T T !

For Fellesrådet:

Kjell Dysvik, leiar

Olav Skeie Lid, sekretær

Sak 12/25 Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereferat

Framlegg til vedtak: Sakliste, innkalling til dagens møte, samt møtebok for fellesrådsmøte 19.mars vert godkjende. Til å skriva under møteboka for førre fellesrådsmøte vert valde:

Sak 13/25 Meldingar

- Minnelunden i Øystese har aldri vore nærare. Arkitekt Gøril Kjosås og kyrkjeverje har valt å samarbeida med H2Hardanger for å gjennomføra anbodskonkurranse. Dette er eit landskap det er fort å trø feil i, med tilhøyrande klagesaker og utsetjing. Fellesrådet vil få val av entreprenør på sitt bord i juni.
- I samband med langvarige sjukmeldingar på kyrkjegardsarbeidarane våre, har kyrkjeverje gjort eit grep: ved hjelp av lønsstønad frå NAV vert Dmytro Protasenko tilsett i eit midlertidig engasjement fram til oktober for å slå kyrkjegardane i indre strom. Dette omfattar Ålvik, Øystese, Norheimsund, Vikøy og Tørvikbygd. Han har fått opplæring, og saman med Bonje, - som allereie er innleigt som kyrkjetenar i Øystese – utgjør dei eit framifrå team.
- Framleis gravferdsfronten: ettersom behovet er stort, har me kalla på sindige bønder til å bistå med graving av graver. Aldrande vikargravar Harald Kjosås ynskjer avløyning, og Nils Neteland og Arne B Valland vil vera supplement til våre eigne arbeidarar i dette spesielle arbeidet som graving av graver er.
- Arbeidet med Strandebarm kyrkje går sin gang, og samarbeidet med både prosjektleiing og utførande entreprenør er upåklageleg. Nokre tilleggspunkt til anbudet har dukka opp, som nye sperrer mot aust, samt maling av tårn. Begge deler er godt innanfor det som tilskotet dekkjer, og gjev såleis ei betre utnytting av tilskotet.
- Taket på Ålvik kyrkje har ein ny lekkasje. I sløyasa mellom dei to bygga - dvs sjølve kyrkjebygget og sakristidelen - er sløysebeslaget rusta sund. Her er det ingen annan utveg enn at fagfolk innan blikkenslagarfaget kjem og utfører den naudsynte reparasjon. Utloger vil koma.
- Våre trådlause mikrofonar i alle kyrkjer er om lag like gamle – dvs 10 til 15 år – og byrjar etter kvart å svikta, ein etter ein. Det vert nødvendig med gradvis fornying av desse. Det er dyre system, og belastar vedlikehaldsbudsjettet vårt – men det er ingen veg utanom. Prest utan bøylemikrofon rundt nakken er ingen skikkeleg prest.
- Øystese kyrkje har vore gjennom eit lite hamskifte, etter at me har fått store gåver frå rause gjevarar: Nytt korparti, nytt golv i våpenhus, og benker tilpassa universell utforming for rullestol. LED-lampar er også installerte i flaumljosa kring kyrkja. Vidare vil me byta skinn på knelebenken ved altarringen. Tanken var å nytta resten av den store gåva på å fornya varmeomnane – men her strekk ikkje pengane til. I staden har me valt å fornya gravferdsutstyret vårt der inne: ny stemplingskasse, og nytt senkeapparat. Prosjektet er jo i grenseland mellom trussamfunnet og kyrkjegards-forvaltninga, og i utgangspunktet ei rein kommunal plikt. Like fullt treng me utstyret sårt -, - og har altså investert i det.

Sak 14/25 Økonomisk kvartalsrapport

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd tek framlagde økonomiske rapport til vitande.

Rapporten er send fellesrådet som eige vedlegg, saman med økonomisk status.

Likviditetstilgangen er i augneblinken særst god, ettersom både riksantikvar og Kvam herad mellomfinansierer restaureringa av Strandebarm kyrkje. Men kontoutskrifta lyg: dette er lånte pengar, som når prosjektet er avslutta, lyt betalast attende til Kvam herad. Men det gjer godt å ha god likviditet, for ein gongs skuld.

Nett i skrivande stund ser me at NAV er vår største sponsor. Med fleire mann på sidelina i truleg lang tid, styrkjest økonomien omgåande ved refusjonar frå NAV – så lenge stillingane vert ståande vakante, noko dei gjer. Me løyser oppgåvene med tilfeldig innleigt arbeidskraft og flytting av mannskap, og held hjula i gang på den måten. Ikkje minst på utefronten fungerer dette godt. Like fullt: det er press på drifta, og akutte vedlikehaldsprosjekt kjem inn på mitt kontor like visst som dagen renn. Det er ingen grunn til å avblåsa sparetiltaka hjå oss – men me lever.

Sak 15/25 Søknad om permisjon

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd gjev Bryna Opdal uløna permisjon i tidsrommet 01.08.2025 til 30.07.2026. Den ledige stillingsressursen hennar vert fordelt slik:

- 20% vert ståande vakant
- 10% vert tilbode kyrkjelydspedagog Solveig Lønning Sangolt

Bryna Opdal fekk fast stilling i fellesrådet hausten 2025, etter å ha vore midlertidig tilsett i 3 år. Stillinga hennar er i utgangspunktet ikkje finansiert over verken kommunebudsjett eller frå biskop. Men både fordi ho hadde rett til denne faste stillinga etter 3 år som midlertidig tilsett, og ikkje minst av di hennar tenester i møte med barn er høgt verdsett hjå oss, valde fellesrådet å tilsetja henne. Samstundes sette ein i gang ein innsamlingsaksjon for å finansiera både hennar stilling, men også for å styrkja trusopplæringsarbeidet generelt. Fram til i dag er det samla inn **kr 85 000,-** til dette føremålet. Men ein slik 30% stilling kostar oss **kr 235 000,-** i året. Her er det altså eit gap som det ser ut til at me over tid slit med å fylla, sjølv om innsamlinga ruslar og går.

Bryna har no teke imot fast stilling som lærar på Friskulen i Vikøy for komande skuleår, og søker permisjon frå sitt arbeid som trusopplærar her hjå oss. I utgangspunktet har ho ikkje *krav* på permisjon, ettersom ho går inn i annan fast stilling, - men kyrkjevevjerje har likevel kome til at permisjon kan tilrådest.

Her må fellesrådet difor ha mange tankar i hovudet samstundes. På den eine sida treng me verkeleg å styrkja eit blømande trusopplæringsarbeid, der me opplever stor tilstrøyming til dei ulike tiltak. På den andre sida er ressursane avgrensa, og kyrkjevevjerja er i tvil om det er rett å halda fram med ein såpass stor underfinansiert stilling som 30%. Kyrkjelydspedagogen vår, Solveig Sangolt, har uttrykt ynskje om å auka sin stilling. Ho går i dag i 60%, og ved slike høve som dette, har dei tilsette som ynskjer det, rett til å auka sin stilling framfor at stillinga vert lyst ut.

Summa summarum: kyrkjevevjerja let det økonomiske omsynet vega tyngst, diverre, - og tilrår at me tilbyd Solveig Sangolt ein auka stilling på 10%, og at resten av Bryna sin stilling vert ståande vakant.

Sak 16/25 Tildeling av kyrkjegardsslått for Strandebarm og Mundheim

Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd tildeler slåtten for Strandebarm og Mundheim kyrkjegardar til Leiv Magnar Fosse for eit år. Kyrkjeverja utarbeider avtale.

Då fristen var ute, stod fellesrådet med to tilbod frå tilbydarar av plenslått:

- Bjørnar Gjerde kr 95 800,-
- Leiv Magnar Fosse kr 53 250,-

Eit alternativ kan også vera å tilsetja eigne folk med lønstilkot frå NAV. Dette inneber kjøp av slåtteutstyr og verneutstyr, samt oppfølging og opplæring. Kyrkjeverje vurderer at sjølv med lønstilskot, ville denne løysinga verta dyrare enn det rimelegaste tilbodet.

Kyrkjeverje rår difor til at oppdraget med slått av kyrkjegardane i Strandebarm og på Mundheim går til Leiv Magnar Fosse, og at avtalen gjeld for eit år.